

Sentraladministrasjonen


Dato : 12.12.2003
Vår ref. : 2003001879-3/V /
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Aud Løkken
Telefon : 61 21 61 90
Telefaks : 61 21 61 91



**Nord-Fron
kommune**

Landbruksdepartementet
v/ Saksbeh. Tor Inderberg
Postboks 8007 Dep.
0030 OSLO



Nedregate 50
2640 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
Hovedeksp.
61 21 61 01

E - post
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bank giro
2095.06.05775

Post giro
0807 3922705

HØRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL NÆRINGS-OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET.

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker behandla saka i møte den 11.12.03.
Saka vart faksa over samme dag.

Vi ettersender no original papir


Med helsing

Aud Løkken
Aud Løkken
sekretær



Rett utskrift Dato:

Utskrift til: Fylkesmannen i Oppland, landbr.avd. Gjøvik



Nord-Fron kommune

Sak

HØRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET.

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker	075/03	11.12.2003	RTO

Saksansv.: Reidun Inger Tøfte	Arkiv: V	Arkivsaknr.:	2003001879
	Objekt:	Journalpost:	2003006060

Vedlegg:

1. Høringsnotat av 28.10.2003. Høring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Bakgrunn for saka:

Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket erstattar forskriftene om spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap (STILK), forskrift om investeringsstøtte til miljøtiltak (IMT) og forskrift om tilskudd til miljøretta omlegging i kornområdene (MOMLE). I tillegg omfattar forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket tiltaket "Områdetiltak" som tidlegare kun har vore styrt gjennom rundskriv.

Forskrifta har til formål å fremje miljøverdiane og redusere forureininga i landbruket sitt kulturlandskap utover det som ein kan forvente gjennom vanleg landbruksdrift. Dette skal gjerast gjennom lokale prioriteringar og tilpassingar. Det er opna for at Statens landbruksforvaltning kan gi utfyllande bestemmelsar til forskrifta.

Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket erstattar forskrift om utbetaling av statstilskot til skogsvegar, førstegongstynning, drift i vanskeleg terreng, skogkultur og miljøtiltak i skogbruket. Tilskot til skogbruksplanlegging vil bli lagt inn i fellesramma til kommunane med grunnlag i fylkesvise hovudplaner som kommunane kan gi innspel til.

Formålet med "skogforskrifta" er å fremme auka utnytting og verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiane blir ivareteke og vidareutvikla.

Ramma til den enkelte kommune vil bli fastsett ut frå fleirårige tilskottstrategiar som kommunen utarbeider. Bruken av midla skal forvalast med grunnlag i dei forskrifter som nå er under utarbeiding. Kommunen vil få stor fridom til å prioritere mellom ulike tiltak, fastsetje tilskottsatsar og nærare kriterier og eventuelle vilkår.

Det er derimot gitt nokre avgrensingar på bruken av tilskot, jf. forskriftsutkasta. I tillegg vil det i tildelingsbrevet til fylkesmennene og vidare til kommunane ligge ei avgrensing om at tilskot til vegføremål ikkje kan utgjere meir enn maksimalt 50 % av det tildelte beløp til skogtiltak i den enkelte kommune.

Plansjefen si vurdering:

Overføring av ei årleg disposisjonsramme frå Fylkesmannen til kommunane inneber at kommunane får ansvar for søknadsrettlegg, behandling og innvilging av søknader, oppfølging under vegs og ferdiggodkjenning og utbetaling. Saksbehandlaren i kommunen kan da lett kome i ei uheldig dobbeltrolle. Den nemnde overføringa inneber også at desse sakene blir langt meir arbeidskrevjande for kommunen, utan at det følgjer ekstra middel med til administrering av ordninga. Det vil måtte bli ekstra møte med faglaga, utarbeiding av fleirårige tilskotstrategiar, prioritering mellom ulike tiltak, fastsetjing av tilskotsatsar og eventuelle vilkår. Det er viktig at rapportering til staten blir gjort så enkelt som råd.

Dei to forskriftene er ulikt oppbygd. "Skogforskrifta" er meir detaljert og inneheld fleire avgrensingar enn forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket. Det vil vere ein fordel å samordne retningslinjer og vilkår innanfor same region, t.d. midtdalen. Også for landbruksnæringa vil dette vere ein fordel.

FORSKRIFT OM TILSKOTT TIL SPEIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET

Gjeldande forskrifter på jordbrukssida er mykje meir detaljerte og gir sterkare føringar for bruken av midla enn den nye forskrifta legg opp til. Forskrift om spesielle miljøtiltak er svært generell, m.a. er det ingen definerte faglege kriterier i forskrifta. Det er nå opp til kommunane å fastsetje overordna retningslinjer for prioritering av søknader. Også formålsparagrafen er svært vid, m.a. går det ikkje fram i forskrifta om restaurering av hus skal skje etter antikvariske prinsipp.

Forskrifta vil elles stille store krav til kommunen når det gjeld kompetanse. Særleg vil dette gjelde søknader på freda- og verneverdige bygningar. Dette er saker der ein må gjere vurderingar og utøve eit skjønn på grunnlag av kompetanse som ein ikkje utan vidare kan rekne med at kommunenivået har. Det bør leggjast til rette for at ein kommune som ønskjer det kan inngå t.d. ei samarbeidsavtale med fylkesmannen si landbruksavdeling om slike type saker for å sikre ei tilstrekkeleg god behandling. Det vil elles vere svært viktig for alle type saker etter den nye forskrifta at kommunen har god fagleg støtte av fylkesmannen si landbruksavdeling. Samarbeid med nabokommunar vil også kunne bli høgst aktuelt.

Forskrift om tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Forskrifta har fleire klare føringar for korleis kommunane kan bruke midlane. Dette er føringar som det utøvande skogbruk er særst lite glad for. Desse føringane gjer ikkje lokaldemokratiet meir vitalt og dei vil ikkje føre til eit godt statleg verkemiddelbruk. Kommunane er dei rette til å prioritere og fordele dei økonomiske verkemidla i den enkelte kommune.

Tilskot til taubanedrifter er viktig for Nord-Fron kommune. Det har dei seinare åra vore bygd fleire lengre skogsbilvegar i kommunen, og desse veganlegga er tilpassa drift med taubane. Den økonomiske situasjonen i skogbruket tilseier at ein er avhengig av tilskott for å drive i vanskeleg terreng. Fjerning av tilskotet vil også vere alvorleg for råstofftilgangen for lokale sagbruk. Eg er også uroa for at det kan bli uheldig bygging av driftsvegar i dette terrenget med store miljøinngrep, dersom tilskotet forsvinn. Det må derfor vere mogleg å gi tilskot til drift med taubane.

Tilskot til skogkultur er viktig med tanke på kvalitetsskog i framtida. Forskrifta opnar for tilskot til ungskogpleie, men ikkje til planting og såing. Tette velstelte ungskogfelt er den beste garantien for kvalitetsskog i framtida. Det må derfor vere mogleg å gi tilskot til planting og såing.

Tildelingsbrevet som gir ei avgrensing for bruk av midlar til vegbygging er uheldig. Skogsvegane er viktige "blodårer" i skogbruket, og fører ofte med seg store investeringar. Det er store variasjonar i bygging frå år til år. Til dømes er det bygd vegar for om lag 4 mill. kr. dei siste to åra i Nord-Fron. Ved ei slik avgrensing hadde desse vegane ikkje blitt bygde, eller i beste fall bandlagt midlane for fleire år framover. Avgrensinga om at tilskot til vegføremål ikkje kan utgjere meir enn maksimalt 50 % av tildelte skogmidlar må bort.

Tanken med lokal forvaltning av skogmidlane er god og er i tråd med ønskje til Nord-Fron kommune. Det er derimot naudsynt at det følgjer med minst mogeleg føringar for bruken av midlane. Heile meininga med overføringa er at kommunane best veit korleis midlane kan nyttast for å gje størst mogeleg positiv effekt på det lokale skogbruket og lokalsamfunnet. Då må staten våge å ta steget fullt ut. Det er også viktig at midlane er overførbare i kommunen frå eit år til eit anna, slik at vi får utnytta dei på den beste måten.

Plansjefen legg saka fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker med slik:

Innstilling:


1. **FORSKRIFT OM TILSKOTT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET:**
Formålet med tilskottsordninga bør definerast betre, spesielt innafor bygningssaker.
2. **Forskrift om tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket:**
 1. Forslaget som tilseier ei avgrensing om at tilskott til vegformål ikkje skal utgjere meir enn 50 % av det tildelt beløp til skogtiltak, må fjernast.
 2. Det må vere mogeleg å gi tilskot til planting og såing.
 3. Det må vere mogeleg å gi tilskot til taubanedrift i vanskeleg terreng.

LUM-075/03 11.12.2003 Vedtak:

Samrøystes som innstillinga.

Rett utskrift:

Sentraladministrasjonen i Nord-Fron, 12.12.03



Aud Løkken
sekretær